

Kva er seksuelle overgrep?

Kva haude ho på seg? Kor seint var det? Gjekk ho åleine? Han var jo drita, han burde passa betre på. Han var jo med på det i starten.

Har du nokon gong høyrte slike utsegner? Det er ein myte at offeret sjølv har skuld i valdtekt. Berre den som valdtar, har skuld i ei valdtekt. Mytar som at den utsette har skuld i handlinga, gir urettferdig skam og bidrar til at fleire ventar lenger med å fortelje om hendinga(ne), eller at dei aldri fortel om dei. For eksempel veit vi at barn som blir utsette for seksuelle overgrep, i snitt ventar 17 år før dei fortel om det som har skjedd.

Det er generelt mange mytar rundt valdtekt. Veldig mange ser for seg ein spesifikk type person og ein spesifikk type valdtekt når dei tenkjer på det. Vi ser på gjerningspersonar som farlege monster, ukjende, framande. Det kan derfor vere overraskande for mange at den mest vanlege måten å bli valdtatt på, er av ein du kjenner og har tillit til – ein kjenning, ein venn, ein familiemedlem eller ein kjærast. Dette står i kontrast til bildet mange har av ein framand mann som overfell eit tilfeldig offer i ein park.

Det vi veit om valdtektar, er at mange av dei skjer på fest. Festrelaterte valdtektar skjer vanlegvis blant unge menneske som kjenner kvarandre, og alkohol og andre rusmiddel er gjerne ein faktor som er til stades. Ifølgje den siste rapporten frå Kripos om Voldtektssituasjonen i Norge 2019 utgjorde festrelatert valdtekt den største gruppa melde valdtektar i Noreg av personar over 14 år. Andelen låg på 43 prosent. Dette talet blir spegla i tidlegare kartleggingar politiet har gjennomført det siste tiåret.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viste i 2017 at 98 prosent av dei sikta i valdtektssaker er menn, og over halvparten var under 30 år gamle.

Sjølv om festrelatert valdtekt som oftast rammar unge menneske, kan slike overgrep få store konsekvensar for familiar, venner, klassekameratar, i idrettslag, på arbeidsplassar og i lokalsamfunn. Ungdom og unge vaksne treng kunnskap om kva som utgjør eit overgrep, og også auka bevisstgjerings om grensesetjing og seksualitet.

Av dei som blir valdtatt, blir dei fleste valdtatt innan dei har fylt 18, der gjerningspersonen er mellom 15 og 30 år. Heile 10 prosent av jentene og 2 prosent av gutane gir opp at dei er blitt utsette for eit seksuelt overgrep – altså 1 av 10 jenter og 2 av 100 gutar. Dette er svimlande høge tal. Det finst lite statistikk på korleis dette rammar ikkje-binære, og vi går ut frå at det er store mørketal. Vi ser at kvinner og jenter oftare blir valdtatt, men gutar og menn blir også valdtatt, og det er ein myte at det ikkje skjer. Denne myten kan gi auka skam hos gutar og menn som opplever valdtekt. Ein annan myte knytt til denne er at menn alltid ønskjer sex. Dette er heilt feil og gir gutar og menn feil bilde av seg sjølve og verkelegheita.

Respekt, grenser og samtykke – viktige ferdigheiter for livsmeistring

For mange er det ubehageleg å snakke om valdtekt. Samtidig er det å snakke om korleis vi kan jobbe for å kjempe mot valdtekt, eit arbeid som involverer å snakke om respekt, grenser og samtykke. Dette er viktige ferdigheiter, ikkje berre i denne samanhengen, men også i livet generelt. Og det er nettopp dette det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring handlar om: å lære ferdigheiter for å meistre livet på ein god måte.